



Notat

Dato: 09.07.2014
Arkivsak: 2014/17378-5
Saksbehandlar: krigilh

Til: Johnny Ernst Stiansen

Frå: Kristoffer Gilhus

Ibsensgate 118 - Leige av grunn

Hordaland fylkeskommune overtok bebyggd eigedom gnr 162 bnr 396 i samband med sjukehusreformen. Bygget ligg ved Haukeland universitetssjukehus og vert nytta til undervisning av elevar under oppfølging frå sjukehuset.

Ein nabo til eigedomen har teke i bruk deler av den som forlenging av eigen hage, og lagt hellegang fram til trapp/gangsti som går over eigedomen til fylkeskommunen.

Vi er ikkje kjend med at det er søkt om tiltaket, og er naturleg nok motstandar av at folk tek seg til rette på eigedomane våre. Samstundes meiner vi det er urimeleg å krevja tilbakeføring av arealet, då det vaks vilt der tidlegare. Fylkeskommunen nyttar heller ikkje arealet sjølv. Vi har gjort naboen kjend med vårt syn i denne saka.

Vårt forslag til løysing er ein avtale med naboen om at han får disponere arealet eksklusivt mot ein symbolsk leigesum. Avtalen kan når som helst seiast opp utan grunngjeving. Dette vil t.d. vere aktuelt ved eit sal.

Vedlagt er forslag til avtale. Vi rår til at avtalen vert godkjent. Fylkesdirektør økonomi har fullmakt til å godkjenne leigeavtalar av dette slaget.

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Vedlegg:
- avtalen i 2 eksemplar